

Forførende dans og tangofestival

For første gang i Møre og Romsdal vert det arrangert tangofestival. Det skjer i Volda i helga.

– Det vert ei oppleving, seier Morten Bollerud, ein av bidragsytarane gjennom bandet baYazz.

Tangofestivalen vil innehalde både dansekurs, konsertar og dans med levande musikk. Arrangøren har fått med seg danseinstruktørar og musikarar på høgt nasjonalt nivå.

Argentinsk tango

– Det har vore påfallande stor interesse for tangodansen dei seinare åra, meiner Bollerud. No har dei som vil sjansen til å lære det grunnleggjande i den forførende dansen.

– Vi har fokus på den søramerikanske tangoen. Den europeiske kan ikkje samanliknast.

Som instruktørar til dansekurs kjem Guro Hustad Stugu og Ragnhild Førde. Guro er ein erfaren tangodansar med mange års erfaring som instruktør i Stockholm. Ragnhild, med røter frå Austefjorden, vart biten av tangobasillen under eit praksisopphald i København, og har sidan vore lidenskapleg oppslukt.

Introkursen er tenkt for dei som er nysgjerrige på tango og ønskjer ei grunnleggjande innføring. Forkunnskapar er ikkje nødvendig. Er interessa stor nok er det også muligheter for eit kurs for dei meir vidarekomne.

Bandoneon


Det er Øyvind Robak som har teke initiativ til Tangofestivalen. Han er sjølv tangomusikar og held til i Ørsta. Han er også den einaste bandoneonisten i landsdelen. Ein bandoneon er eit lite «tangotrekkspel» med lang belg, også kalla tangoen si sjel.

– Tangomusikk er eksotisk, melodios og fint. Det er noko særlege over den argentinske tangoen, ikkje minst på grunn av bandoneon. Den har ein sær klang som skil seg veldig frå andre segment, fortel Bollerud.

Tangofestivalen har også fått med seg mellom andre Kåre Simonsen på bandoneon. Han er ein av pionerane på dette instrumentet i Noreg.



Klart for tangokurs. Guro Hustad Stugu er ein erfaren tangodansar. No er ho klar for å lære ørstingar og voldingar den forførende dansen.



Øyvind Robak spelar bandoneon, eit viktig instrument i tangomusikken.

Konsertar og dans

Andre namn på programmet er VippeTango, Tangolauguet med ørstingar og voldingar, baYazz, Øyvind Salhus på fiolin og Oda Kvalsvik Stenberg på bandoneon.

– Det vert små konsertar og smakebitar undervegs i festivalen, fortel Bollerud.

Torsdag spelar Tangolauguet på Mylna i Volda. Fredag kjem dei til Fugl Fønix saman med Morten Bollerud sjølv. Fredag startar også tangokursen, og på kvelden held

VippeTango og Kåre Simonsen kvar sine konsertar i festsalen på Volda vidaregåande skule.

Laurdag held tangokursen fram før festivalen vert avslutta med dans og levande musikk på Volda vidaregåande skule.

– Kafékonsert kallar vi det. Her kan alle som vil vere med. Dette er eit spennande tiltak frå Robak. Vi håper kanskje vi kan gjere det til ein tradisjon, seier Bollerud.

Janne-Marit M. Falch



baYazz vil også vise fram sine kvaliteter. F.v. Morten Bollerud, Helge Ressem og Arne Otto Myklebust.

LAGER-TØMMING!

Vi rydder plass til nyhetene!

199,-

1299,-

TV-benk
Passer 30–50". Aluminiums-rør med 2-hyller av herdet glass. Totale mål: 1250 x 900 x 500 mm. Maks. belastning: 55 kg. 24-692


Starter torsdag 7. februar!

Tilbudene gjelder så lenge lageret rekker

19⁹⁰

149,-

Kjøkkenvekt, vegg
Elegant elektronisk kjøkkenvekt for veggmontering. Kapasitet: 2-3000 g. Gradering: 1 g. 4-siffrers LCD-display. 3V CR2032 (medfølger ikke). 84-121



29⁹⁰

59⁹⁰

Oppbevaringslomme
Hjelper deg til å holde orden på saker og ting i baksetet. Mål: 400 x 480 mm. 39-746



BILTEMA

815 32 815 - www.biltema.no

ARENDAAL, ASKIM, BODØ, BRYNE, BÅRUM, BERGEN SANDSU, BERGEN ÅSANE, EGERSTAD, ELVERUM, FAUSKE, FINNSNES, FOLLO (SOFIEMYR), FREDRIKSTAD, FØRDE, GJØVIK, GOL, HADELAND, HAMAR, HARSTAD, HAUGESUND, HELL, HØNEFOSS, KARMØY (ÅKRA), KONGSBERG, KONGSVINGER, KRISTIANSAND, KRISTIANSUND, LADE, LARVIK, LIER, LILLEHAMMER, MJØNDALEN, MO I RANA, MOLDE, MOSS, NAMSOS, NARVIK, OSLO, SANDEFJORD, SANDNES, SARPSBORG, SKIEN, SKJETTEN, SOGNDAL, STEINKJER, STORD, TROMSØ, TRONDHEIM, TØNSBERG, ULSTEINVIK, VALDRES, ÅLESUND